

Beskjeder:

- Frivillig leiketreff i Maurtua barnehage for alle borna i 1B kl. 17 på måndag 29.april.
- Onsdag er 1.mai og ein skulefridag, nyt den 😊
- Veka etter er det skulefri torsdag 9.mai og fredag 10.mai.
- Denne veka vert det Glåtime på torsdag i 1.økt.

Vi ønsker å øve på takknemlegheit med elevane. Vi skal øve på den sosiale ferdigheita «Å seie takk» når ein får noko eller får hjelp til noko. Men takknemlegheit som livsmeistringsstrategi er så mykje meir. Det handlar om å venne seg til å legge merke til det som er bra i livet, og verdsette det. Gje merksemd til det ein har fått, det ein har opplevd, det som er fint, dei ein har rundt seg, naturen, liv og helse – og kjenne at ein er takknemleg for dette. Gjerne takke nokon også om det er eit alternativ, men primært for registrere at mykje i livet er bra og sette pris på det.



Gå gjerne inn på www.livetogsann.no for å lese meir om dette.



Ha ei fin veke, helsing Sarita, Linn Elise og Nina.

Dette jobbar vi med denne veka:

| | |
|----------------|---|
| NORSK | Bygge, snikre, mekke <ul style="list-style-type: none">• Eg øver på å skrive bokstavane riktig.• Eg øver meg på å skrive korte tekstar som andre kan lesa.• Eg øver meg på å skrive ord og setningar til bilete. |
| MATTE | Tala til 20 <ul style="list-style-type: none">• Eg kjenner til tala 11-20 og øver meg på å forme dei rett.• Eg øver meg på å finne rett mengd til rett symbol.• Eg kan telje baklengs frå 20. |
| SOSIALT | <ul style="list-style-type: none">• Eg vel ein TL-aktivitet før eg går ut i storefri.• Eg øver meg på å samarbeide med alle i klassen.• Eg hugsar på å seie «takk» når eg får noko eller får hjelp til noko. |

| | Til tysdag | Til onsdag | Til torsdag | Til fredag |
|---|--|------------|-------------|---|
| NORSK  | Les ★ ☾ eller ☀ på s. 92 eller s. 93. Gjer skriveoppgåva på s. 93. | FRI | FRI | Les ★ ☾ eller ☀ på s. 94 eller s. 95 . Øv på å lesa med flyt. Øv på å lese heile ord, ikkje lyd for lyd. Du skal no prøva å hugsa det du les. |
| MATTE  | | | | Gjer s. 116 og 117. Ekstra s. 118 og 119. |
| Hugs: | Gymsko! 😊 | | | Lever inn tom meldemappe og leksebøker. |